

Til NVE

Konsesjonsavdelinga

Merknad til søknad utbygging av Kvitefella 2, Gloppen kommune i Sogn og Fjordane

Vi viser til annonse i Firda Tidend om utbygging av tolv småkraftverk i Gloppen. Denne merknaden gjeld Kvitefella 2.

Underteikna er eigarar av gnr 13 bnr 6 på Ravnestad og gnr 14 bnr 6 på Rauset , og har fallrettar knytt til Kvitefella 2.

Vi har så langt ikkje fått noko førespurnad om å delta i prosjektet. Dette til trass for at våre bruk truleg er det som merkar, både noverande og framtidig utbygging mest, med i lenger periodar ei redusert elv (Daufosselva) nær eigedomane, for 14/6 også mot innmark.

Dette har likevel si naturlege forklaring i at tidlegare eigarar valde å ikkje vere med på den første Kvitefella-utbygginga frå start av.

Sidan utbygginga av Kvitefella 1 var veldig gunstig økonomisk og har gått med overskot frå første dag, har våre bruk truleg alt tapt inntekter på fleire hundre tusen kroner gjennom desse åra. Det skal ingen lastast for. Men ein kan ikkje tape slike rettar for alltid, og innkome frå kraft ville ha vore svært viktig for å kunne halde framtidig og noverande drift på bruka (sauer på 14/6) gåande vidare.

Såleis ville bruka som etter eige val vart ståande utanfor frå start, sett pris på å kunne bli med i selskapet på linje med dei andre med dei rettane vi har.

Vi har prinsipielt heller ikkje noko i mot vidare utbygging, men dersom vi berre får auka negative verknader og ikkje vert inkludert med dei rettane vi har, vil det vere vanskeleg å akseptere.

6823 Sandane den 16.3. 2016

Med venleg helsing

Grethe Ravnestad

Eigar av gbnr 13/6

- sign-

Bjørn Grov

Eigar av gbnr 14/6

- sign-